



DEN NORSKE KYRKJA

Etne kyrkjelege Fellesråd

Høyrings svar frå Etne kyrkjelege fellesråd -forslag til ny kyrkjeordning

Etne kyrkjelege fellesråd vil med dette senda svar på høyringssaka om ny kyrkjeordning. Saka vart handsama i møte 27.nov.

Etne kyrkjelege fellesråd sluttar seg til hovudtilnærminga til høyringsdokumentet, som inneber at dagens ordning i hovudsak skal halda fram.

Me vil likevel setja merknad ved nokre punkt.

Me vil stilla oss bak høyringsuttalen til Skånland kirkelige fellesråd:

- Finansieringsordning: Ingenting frå §15 i kyrjelova er med. Me går då ut frå at dette blir me i trussamfunnslova, då DnK ikkje har nokon instruksjonsrett på kommunen.
- Kva skjer med kommunal representant i fellesrådet? Ordlyden i forslaget er at kommunal representant KAN veljast. Me fryktar for store skilnader i kommunal involvering i fellesråda i framtida. Vil dette også bli fanga opp i Trusamfunnslova?
- Det er lite avklaring på sakshandsaming av kyrkjebygg som kulturminne vidare. Kyrkjene står i ei særstilling som kulturbygg og monument. Det burde koma betre til uttrykk at det er eit nasjonalt ansvar å ivareta desse.

I tillegg har me denne merknaden.

§ 47 Medlemsskapsvilkår for tilsette og ombod:

2.ledd: «...organ med ansvar for tilsetjing skal stilla krav om medlemsskap i DnK for tilsetjing i kyrkjelege stillingar som inneheld eit ansvar for kyrkja si lære, i tråd me tilgangen i likestillings- og diskrimineringslova §9....»

Me ynskjer at stillingar som er i førstelinjeteneste som leiarstillingar i kyrkja, sakshandsamarar, kyrkjetenarar og organistar vert tatt inn i dette, saman med vigsla stillingar.

Etne 29.november

For Etne kyrkjelege fellesråd

Aud Jorunn Baustad
Kyrkjeverje